

Nye Oterholtfoss Kraftverk - høringsfråsegn frå Bø Turlag

Vi viser til vår høyingsfråsegn av februar 2015 om dei fyrste framlegga til utbygging av Oterholtfossen. Der konkluderer vi med at det minste alternativet, alternativ 2, på visse vilkår kan aksepterast, medan hovudalternativet, alternativ 1, har for store ulemper. Utbyggjarane har no trekt alternativ 1, men lagt fram nytt alternativ 3 som i omfang, kostnad og konsekvensar ligg mellom alternativ 1 og 2.

Alternativ 3 vil medføre at utløpet kjem nedanfor Berghølfoss og nedanfor Hellosvelta. Begge desse områda er sentrale friluftsområde som dermed forringast kraftig. Samanlikna med alternativ 2 er det ikkje så veldige auken i straumproduksjon, og utbyggingskostand per kWh aukar frå kr 4,13 til kr 4,42. På dette grunnlag vil halde fast ved at det opprinnelge alternativ 2 kan aksepterast, mens det nye alternativ 3 har for store konsekvensar i høve til nytteverdien.

Oterholtfossen er eit sentralt landskapselement i dette friluftsområdet, og har verdi både for fastbuande men også for turistar og dermed turistnæringa. Vi meiner ei bør vurdere om den planlagde minstevassføringa på $4,5 \text{ m}^3/\text{s}$ må aukast noko. Vi meiner framleis at det er dårleg visualisert i rapportane korleis landskapet og elva vil sjå ut med t.d. 3, 4, 5 og $6 \text{ m}^3/\text{s}$.

Eit aktuelt avbøtande tiltak er å legge til rette slik at ålmenta enklare kan ferdast langs elva oppstrøms Oterholt til Midtbøhølen og Sagahølen. Her er stryk som ikkje på nokon måte kan samanliknast med Oterholtfossen, men som likevel har kvalitetar.

Steinmassane frå tunneldrifta er tenkt lagt i deponi. Dette vil også bli eit skjemmande inngrep. Stein er ein ressurs, og på Folkestadåsen vert stein sprengt ut som ressurs. Dette skapar også sår i landskapet. Det er eit paradoks at overskot og underskot på stein skapar problem med berre få km avstand. Vi meiner dette må sjåast i samanheng slik at ein slepp å lage lokalt deponi ved Oterholt.

Bø Turlag seier nei til utbygging etter alternativ 1 og 3, men kan på visse vilkår seie ja til opprinnelge alternativ 2. Minstevassføringa må aukast, badetilhøva må vurderast, og ei heilårs turløype bør etablerast, med tilgjenge til Midtbøhølen og Sagahølen.

For Bø Turlag
Arne Hjeltnes